

## **2020/74003 Høyringsinnspel - Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland**

Bioregion Institute er ein tverrfagleg Living Lab i Bergen, grunnlagt av designarar med eit felles mål om å skape verdi av avfall. Vi kartlegg ressursar av biomasser, utviklar biomaterialer, bioprodukt og tenester i regionale sirkulære verdikjeder. Vi samarbeider med næringsliv og forskning, og bygger nettverk med andre bioregionar i Europa. Saman utviklar vi nye berekraftige løysingar for framtidens inkluderande og sirkulære byar.

Instituttet fungerer som ein Living Lab; vi rådgir, prototypar og testar materialer, produkt og tenestar i eit brukarsentrert åpent innovasjonsøkosystem. Vår metode integrerer forsknings- og innovasjonsprosessar i et offentlig-privat partnerskap. Vi engasjerer oss i prosjekt kor vi med vår kompetanse frå design og arkitektur tettast gapet mellom mellom forskning og marknad. Målet er å skape grønn vekst innan emballasje, møbel, tekstil og arkitektur.

Gjennom aktive pilotcase og pågåande FoU-initiativ utviklar Bioregion Institute infrastruktur for å redusere organisk avfall og akselerere material- og tenesteinnovasjon; Biodesign Lab, Bioregion Bank og Bioregion Trade: Erfaringa vår er at denne infrastrukturen trengst for å skape verdier i regionale verdikjeder og innovasjonar innan bioøkonomi og heilt essensielt; bidra til deling av kunnskap. Slik kan vi saman bidra til å bygge ei postfossil framtid.

### **Vi har følgande høyringsinnspel til Regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland:**

*8. Kva andre tiltak/aktivitetar bør inn i handlingsprogrammet for 2021 for å få på plass eit godt fleirårleg handlingsprogram for 2022-2025?*

Bioøkonomien er framtidens vekstnæring. Bioregion Institute vil oppfordre til at det i 2021 leggst til rette for gjennomføring av eit mogelegheitsstudie om korleis ein kan skape ein Living Lab, som ein arena for å akselerere det grønne skiftet.

*11. Kva forslag til strategiar og tiltak i handlingsprogrammet for 2022-2025 har du.*

Vestland fylke viser gjennom sin plaststrategi at det er høge ambisjonar for ein plastfri natur og eit plastfritt hav i Vestland. Dette er ei problemstilling som Bioregion Institute har arbeida grundig med. Eit hovudfunn er at industriaktørar i regionen har store volum av uutnytta ressursar i form av restråstoff. Gjennom koordinert forskning, design og forretningsutvikling kan desse ressursane bli til produkt som erstattar fossil plast. Bioregion Institute brukar design som ein drivar for innovativ produkt- og tenesteutvikling, og vi har avdekka at det er heilt naudsynt å satse på nettverksbygging på tvers av industrier og på tvers av skala for å lukkast med slike satsingar. Vi må ut av siloane, møtast og arbeide med hendene våre og med teroretisk eksellens for å lukkast med desse satsingane. Slik har vi identifisert at det er eit reelt behov for ein fysisk arena kor desse prosessane kan finne stad - kor aktørar som er proaktive i omstillinga til ein sirkulær økonomi kan møtast, skape relasjonar og lage prototyper.

Bioregion Institute erfarer at det er brei interesse for at regionen får eit tverrfaglig innovasjonsfellesskap og laboratorium. Dette behovet er forankra i vårt nettverk, med representantar frå FoU, industriaktørar og publikum. Vi foreslår heilt konkret at fylkeskommunen vil satse på å etablere ein arena som er spissa mot ressursutnytting av biomasse, sirkulære regionale produksjonskjeder, utvikling og testproduksjon av nye biomaterialer og produkt som kan erstatte fossile plasttypar innan ei rekke bruksområde. Vi inviterer Vestland fylke til å dele visjonen om å skape ein arena som vil bidra til industriutvikling på Vestlandet gjennom spissa utviklingsprosjekt mellom FoU og Industri kor ein har som mål å utvikle tenester, teknologiar og løysingar slik at vi kan auke verdiskapinga gjennom å nytte organiske ressursar som i dag går til spille. Ein arena, som gjennom å demokratisere og gjere teknisk utstyr, areal og kompetanse tilgjengeleg på tvers av sektorar, vil auke bruken av ulike restråstoff.

Vestland fylke, og heile regionen, står i ein utfordrarposisjon ovanfor Osloregionen. Det er naudsynt at næringslivet står saman for å utvikle ein attraktiv og konkurransedyktig region for å trekke til seg talent. Vår anbefaling er at Vestland fylke vektlegg designkompetanse som ein kjerneverdi i strategiar for framtidig verdiskaping. Vi veit at 80% av miljøpåverknaden til eit produkt vert bestemt i designfasen og at sirkulære verdikjeder er meir komplekse. Derfor er det behov for designkompetanse i prototyping av både produkt, tenester og forretningsmodellar.

*12. Har de innspel til felles utfordringar eller innsats innafor dei tre satsingane som må sjåast nærare på kort og lang sikt?*

Det grønne skiftet krev at representantar frå lokale næringar, forskning og academia samt myndigheiter frå kommunalt til statleg nivå møtast. Fylket har ei nøkkelrolle i dette samspelet. Bioregion Institute har avdekka at det ligg store potensielle verdiar i å utnytte restråstoffa frå industriell produksjon i regionen. Det regionale perspektivet i denne forma for tenking er ny, og krev difor at det tilretteleggjast for pilotering av både produkt og tenester; Næringslivsaktørane har intensiv for å kommersialisere, men opplever ofte at lowerket er utdatert, og at det krevst store investeringar for å utløyse potensialet utover prototypefasen. Bidrag frå det offentlege i form av finansiell støtte og fagleg rettleiing bør koordinerast på tvers av forvaltningsnivå for å best mogeleg bygge opp under dei banebrytande initiativa som finnast i regionen. Dette samarbeidet bør organiserast slik at støtte til gode initiativ er gjennomgåande forankra i forvaltningsnivåa; kommune, fylke og stat.

Bioregion Institute ser at det er behov for ein aktør som koordinerer denne satsinga. På kort sikt kan målsettinga vere å skape ein arena kor vi kan vise fram kva som skjer innan bioøkonomi og sirkulære nyvinningar i vår region. Vi meiner at ambisjonen bør vere at dette initiativet skal vere eit offentlig -privat partnerskap som på sikt skal få statleg finansiering.

*13. Korleis kan din organisasjon bidra i samarbeid eller partnerskap for å nå måla i planen?*

Som det står i den regionale planen for innovasjon og næringsutvikling i Vestland; Næringsliv, det offentlege, academia og samfunnsaktørar elles må jobbe saman om innovasjon på tvers av verdikjeder; *"Framover må det arbeidast kontinuerleg med å identifisere verdikjeder til framtidige næringsmessige spesialiseringar (smart spesialisering). Det må bli enklare for innovative bedrifter å utvikle prototyper, teste, simulere og visualisere, slik at idear vert utvikla raskare, betre og med mindre risiko. I prosessen frå ide til marknad er det viktig med relevant forskning som kan bidra til auka kunnskapsgrunnlag."*

Bioregion Institute vil, med nettopp tverrfaglig samarbeid, skape rom for innovasjon. Ved å etablere ein testarena for utvikling og prototyping i småskala kan næringsutviklinga sette fart og samskape nye verdikjeder for utradisjonell utnytting av organisk restråstoff. Bioregion Institute har som målsetting å bygge opp og drifte Biodesign Lab, ein viktig infrastruktur for omstilling til sirkulær økonomi og bioøkonomi i Vestland, med potensiale for ringverknader til andre regionar.

Bioregion Institute har konkrete planar for lokalisering av Biodesign Lab sentralt i Bergen. Arealet som vi har forhandla fram avtale om er ein lokasjon som i aller høgste grad svarer på føresetnaden om rett bruk av rett areal til rett formål. Ein spennande lokasjon for kreative prosessar i samarbeid med næringar, forskning og lokalsamfunnet. Lokala har klimatiserte næringsareal, verkstadsareal med rause himlingshøgder, djupvasskai, tilkomst for tungtransport, og ei stor takflate som vil tole laster frå ein urban takhage. Alle desse eigenskapane har vi konkrete planar for å utnytte. Den konkrete lokasjonen ligg i eit framtidig utviklingsområde i Bergen. Målsettinga er at Biodesign Lab vil auke sosial interaksjon i nærmiljøet, og vere eit robust program som kan bidra til kontinuitet i eit nærmiljø som går nye tider i møte med fortetting og transformasjon. Den urbane takhagen og delar av verkstaden vil ha ein folkeprofil, med ei industriell tilnærming.

Bioregion Institute med samarbeidspartnarar vil svært gjerne kome i dialog om samarbeid eller partnerskap med Vestland Fylkeskommune då det ser ut til at vi har overlappande interesser i dette prosjektet.

Med beste helsing,

Tone M. Berge  
Architect MNAL & Partner

+47 40 22 30 19  
tone@bioregion.institute